

Noregs vassdrags- og energidirektorat kunngjer

Revisjon av vilkår for Svorka kraftverk i Surnadal kommune

NVE avgjorde den 03.07.2014 at konsesjonsvilkåra for Svorka kraftverk skal reviderast.

På bakgrunn av krav frå Surnadal kommune og føringar frå NVE har Statkraft Energi AS og Svorka Energi AS utarbeidd eit revisjonsdokument som mellom anna beskriv reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Revisjonsdokumentet leggjast no ut til offentleg høyring.

Revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår.

Revisjonsdokumentet er tilgjengeleg på internettsida til NVE www.nve.no/Vannkraft via revisjonstabellen. Der finst det òg informasjon om revisjon av konsesjonsvilkår. Dersom du ønskjer ein papirversjon kan du kontakte Hege Eiken Hartveit på tlf 24 06 70 00 eller e-post: Hege.Hartveit@Statkraft.com.

Fråsegner sendast NVE via internett www.nve.no/Vannkraft ved å gå inn på den aktuelle saka, med e-post til nve@nve.no eller med vanleg post til NVE - Konsesjonsavdelinga, postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Høyringsfristen er **15. oktober 2015**.

På bakgrunn av revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette skal NVE gi ein innstilling til Olje- og energidepartementet, med forslag til nye konsesjonsvilkår. Fråsegnene er offentlege dokument som vil bli referert i innstillinga. Sentrale saksdokumenter blir lagt ut på NVE sine internettsider.

Generell informasjon om revisjon av konsesjonsvilkår er tilgjengeleg på www.nve.no/revisjon.